

Frå: Laila Bjørge
Send: onsdag 4. mai 2022 13:51
Til: Ingrid Raniseth
Kopi: Siril Therese Sylta
Emne: Tilleggsutale til reguleringsplan ny veg Fløksand- Vike

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagga

Uttale

Landbruksavdelinga var på synfaring 29.04.22 på eigedomen til Bjørnar Fløysand. Til stades: Grunneigar: Bjørnar Fløysand, Mari Hagenlund- skogansvarleg. Mikkel Bengtson-rådgjevar skog og vilt og underteikna.

Eigedomen gbnr 305/10 er ein rein skogeigedomen med 121 daa produktiv skog. Fløysand har klart å skapa seg ei tilleggsnæring med produksjon av ved. Det føreslåtte alternativ A1 2 vil dela eigedomen i 2 og gjera det vanskeleg å halda fram med dagens ved produksjon.

Landbruksavdelinga var ikkje kjent med omfanget av ved produksjonen på denne eigedomen då me skreiv uttale til planen i april 2021, og kjem difor med ein tilleggsuttale for å belysa konsekvensane for drifta på eigedomen. Ny landbruksveg og steinsett plass visste ikkje på kartet den gongen uttalen vart gitt.

-Fløysand driv med produksjon av ved for sal (om lag 200 m3/år). Antatt marknadsverdi kr250-300 000 årleg . Dette er ein stor ved produksjon i Alver samanheng. Han kjøper virke frå Nor Tømmer som han kappar, kløyver, tørkar og sel i storsekk eller i små sekk. Verksemda krev areal til produksjon og lagring av ved, i tillegg til tørking. Han har opparbeid ein steinsett og planert plass med stor rubbhall til tørking og lagring nord aust for bustadhuset . Det er her kundane hentar veden. Sjølv produksjonen skjer ved Brakstadvegen nordaust for planlagt ny rundkøyring, der det er opparbeida steinsett og planert plass. Tømmerbil leverer virke her. Etter at veden er kløyvd og lagt i storsekk flyttar han den opp til hallen for lagring og tørking.

Det er ikkje plass nok til å lagra all veden ved rubbhall og det difor opparbeidd landbruksveg frå rubbhall og tvers over planlagt trase alt A 1. Der har han planar om å byggja tørkehus for ved, men arealet vert brukt til t/lagring/tørking av ved i dag.

Det vil vera uråd å halda fram med ved produksjon i tilsvarande skala dersom Alternativ A1 vert velt. Grunneigar mistar produksjonsareal, samt nødvendig tilkomst for tømmerbil. I tillegg mister han mogleg rubbhall, og forbindelsen mellom produksjonsstad og lager/tørking. Det betyr at han må ut på offentleg veg og gjennom bustadfelt for å transportera ved til lagring. 200 m3 virke gjer 133 turar med traktor forutsett transport av 1.5 m3 pr. tur.

I anleggsperioden vil produksjonsstaden hans verta beslaglagt som anleggs og rigg område, noko som vil gjera det vanskeleg å halda oppe produksjonen. Han er uroa for at han vil missa mange kundar dersom produksjonen vert redusert, sjølv om dette er midlertidig.

Dersom alternativ A 1 vert valt må det setjast vilkår om at det vert lagt til rette for at han kan halda fram med produksjonen. Avbøtande tiltak kan vera t.d. bru frå rubbhall der ny veg kryssar eigedomen, finna alternativt riggområde, opparbeida steinsett og planert plass nord for rundkøyring.

Både alt A1 og A2 vil på ulike måtar råka landbruksinteresser og dei to alternativa må difor vurderast opp mot dei totale ulemper prosjektet har for dei ulike samfunnsinteressene.

Med venleg helsing

Laila Bjørge
Avdelingsleiar landbruk
Telefon: 56 171185/45375229
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no

